

17. mai feiring ved Naustdal skule

Følgjande klassar har ansvar/ oppgåver i samband med gjennomføring av 17. mai-feiring i Naustdal;

klasse 2., 5. og 8.

2.klasse - ansvar for pynting;

Klassekontakt kallar inn til møte i god tid før 17. mai, ev sender ut oversikt på klassen si FB side over kvar det skal pyntast og namn på foreldre som har oppgåver.

Har god erfaring med at foreldre blir delt inn grupper for dei ulike sonene/plassane med ein ansvarleg i kvar gruppe (3-4 stk). Den ansvarlege i kvar gruppe kontaktar klassekontakt for ev spørsmål.

Eventuelt kan de bruke «første mann til mølla»- prinsippet over kven som tek ansvar for på dei ulike plassane.

Du finn meir informasjon i permen som står på biblioteket, hugs å sette denne tilbake når 17. mai er over.

Pynting med bjørk og flagg;

Setje opp tidspunkt for pynting, kjekt når dei involverte kjem ilag.

1. Rundt i skulegarden
2. På gamlebrua
3. På veg opp til sjukeheimen, på balkongen + området/avsatsen der barnekoret syng.
4. Lovere bjørkegreiner/-kvistar til dei 4 avdelingane inne på sjukeheimen som dei kan pynte på borda med, dette set dei stor pris på!

Plukke bjørk:

Kven i klassen har skog til å hente bjørk i, setje dei på dette ansvaret?

Setje fram bord og stolar/benker på skuleområdet og benkar framfor bautaen.

De bruker dei treborda/-benkane som er på uteområdet til skulen og idrettsbana.

«Inne»bord og -stolar kan også brukast men då må de vaske dei etter bruk.

Hugs å sett alt på plass att der de fant dei.

Til informasjon er det 17 mai komiteen som har ansvar å kjøpe inn krans til bautaen og rydde rundt bautaen i forkant.

Rydde opp pynt som er brukt etter dagen;

her kan det vere ein fordel at gruppa som pyntar også ryddar oppatt.

Hugs å avtale på førehand kvar bjørka skal leggast etter nedplukking.

Henge opp boss-sekkar til uteområdet.

Hyssing til å feste pynt og boss-sekkar.

Flaggborgflagga og fanene til klassane + små flagg til å pynte med er oppbevart på vifterommet i 3. etasje.

(sjå etter om flagg/borg bør strykast)

Hugs å avtale med ein tilsett/klasselærer som låser opp vifterommet.

5.klasse - ansvar for leikane;

Klassekontaktane møtast tidleg på våren, **mars/april** og begynner planlegginga, ein har god erfaring med å setje inn foreldre i dei ulike stasjonane på førehand for å sikre at alle leikane blir ivaretekne. God ide å gå igjennom kva som finst av leikar allereie i mars/april så ein har god tid å få tak utstyr om noko manglar.

Leikar og utstyr er oppbevart i skap på vifterommet i 3. etasje på skulen.

Leikepermen er oppbevart på biblioteket, hugs å setje denne tilbake når de er ferdige!

Sjå notat og evaluering nedanfor, det er til god hjelp for planlegging og gjennomføring.

Om kaldt vær kan det vere aktuelt å ha nokre leikar inne i hallen, dette må avklarast med rektor.

LEIKAR 17.MAI

Generell informasjon:

- Les evaluering frå 2023 som du finn lenger nede i skrivet.
- Vi er avhengige av at ALLE hjelper til og gjer dugnad i forkant, sjølv dagen og etter feiringa.
- 5 klasse har alt det økonomiske ansvaret for leikane. Det vil sei at alle inntekter går til klassekontoen, og er ei god form for å samle pengar til kommande Polentur 😊 Det er ynskjeleg at gruppa som skaffar premiar prøvar så langt det går å få desse gratis/sponsa. Det vert då større overskot! Flott om foreldrene er hjelpsame med sponing og har gode tips her.
- Gruppene må sjølv finne den tida som høver best å lage til leikane. Vi er ansvarlege for utstyret og vi må vente til etter toget med å lage klar leikane. Toget er tilbake seinast kl.13. då det er tale ved bautaen. Gruppa finn sjølv ut kor mykje tid dei treng for å vere klar til kl.13.30 då leikane startar.
- Grensa på inntekt på lotteri utan å søkje lotteritilsynet er 250.000,-
- Laila Personbråten gir årleg ei blomsterhelsing til å bruke som premie. Sponsorgruppa tek kontakt med ho for bestilling.
- Sponing kan vere pengegåver. Skaff rikeleg med premiar.
- Ta vare på alle kvitteringar og lever til kasserar for å få det refundert.
- Noter ned alle som sponar og **gi tilbakemelding til klassekontakt innan 1. mai**. Sponsorar skal stå i 17.mai programmet. Klassekontakt gir informasjon til 17.mai komiteen.
- Aktivitetar går til vi er tomme for premiar.
- Klassekontakt sjekkar om det er pennar og notatbøker i skapet på skulen, på vifterommet i 3. etj. Informasjon vert sent ut på e-post og facebookgruppa.

- **Setje opp tidpunkt og stad der alle gruppene kan hente sitt utstyr. Ver ute i god tid slik at alt er klart til innbyggjarane kjem☺ hugs at klassekontaktane ser over utstyret i god tid før 17. mai, liste nedanfor over det som finst , alt vi har er oppbevart på vifterommet i 3. etj. adm.bygg på skulen, tilsette låser opp.**

GRUPPER	LEIK	Kvar	Pris	Premie	Grupper må ordne med:
Namn:	Natursti	Startbord ved ballbingen	Gratis 0-12 år 12 år + 10 kr Fam. 30 kr	Ein vinnar Premieutdeling kveld	Lage natursti, lage svarlappar, henge den opp, stå på vakt 14-16, ta ned natursti, finne vinnar og gi info til klassekontakt v..... Liten deltakarpremie Trequ penn
Namn:	Spikarslag	Utanfor inngangspartiet til Fleirbrukshallen	10 kr.for 2 spikar	2 vinnarar: 0-12 år 12 år + Premieutdeling kveld	Skaff det planke skal ligge stødig på. Hent hammar og spikar hjå.....Rigge opp 17.mai, stå på vakt 14-16, noter namn, mob.nr og alder, ta ned att. Finn vinnar og gi info til klassekontakt v..... Trequ penn og notatbok
Namn:	Luftgeverskyting	Ved grasbakken i enden av idrettsbana	20 kr. For 5 skudd	Premieutdeling kveld	låne 2 luftgever. De kan spørje jakt og fiskarlaget om å låne. Hente kassar og skudd hjå klassekontakt v..... Rigge opp skyteplass 17 mai, stå vakt 14-16, rigge ned utstyr, finne vinnar og gi info til Ellen Beate. Lever utstyr tilbake. 100 blinkar, 8 boksar skudd. Trequ skudd, skyteskive, penn og notatbok.
Namn:	Vekt fenalår Mengde drops i glas	Bord ved ballbingen	10 kr, per gjetting	Premieutdeling kveld Fenalår Glass med drops	Ta med bord og stol. Stå på vakt 14-16, noter namn, mob.nr og alder. Finn vinnar og gi info til klassekontakt v..... Gi fenalår og glass til klassekontakt vfør premieutdeling. Rydde. Trequ penn og notatbok
Namn:	Dart	Ved inngang til idrettsbana ved klatreparken, trevegg	Gratis	Premieutdeling kveld 2 vinnarar: 0-12 år 12 år + + Småting Karamelle Drops Ballong	Hente utstyr hjå Ellen Beate. Rigge opp, stå vakt 14-16, notere noter namn, mob.nr og alder. Finn vinnar og gi info til klassekontakt. Rydde og levere utstyr til klassekontakt v..... Ulik lengder barn og vaksen. Trequ penn og notatbok, liten deltakarpremie
Namn:	Hesteskokasting	Plen ved sidan av ballbingen	Gratis	Premieutdeling kveld + Småting Karamelle Drops Ballong	Skaffe 6 hesteko, pinne og målestav. De kan spørje om å få låne hjå Inge Byrkjeland/4H/frivillighetssentralen. Rigge opp, stå vakt 14-16, notere noter namn, mob.nr og alder. Finn vinnar og gi info til klassekontakt. Rydd og levere tilbake utstyr. Ulik lengder barn og vaksen. Trequ penn og notatbok, liten deltakarpremie

Namn:	Sekkeløp	Grasbana	Gratis	Småting Karamelle Drops Ballong	Hente sekkar hjå klassekontakt. Deltakarpremie.
Namn:	Potetløp	Grasbana	Gratis	Småting Karamelle Drops Ballong	Skaffe tre skeier og poteter. Deltakarpremie.
Namn:	60 meter	Idrettsbana	Gratis	Småting Karamelle Drops Ballong	Markere start og mål. Deltakarpreie.
Namn:	Sykling	Runt ballbingen	Gratis	Ingen premie	Få tak i sykklar fråStyre sykkelaktivitet kl.14-16. Levere sykklar tilbake til
Namn:	Kaste ball på boks	Idrettsbana	Gratis	Ingen premie	Hente boksar og ball hjå klassekontakt v..... Stå på vakt 14-16. Levere tilbake utstyr. Ta med bord til å setje boksar på.
Namn:	Skaffe og levere tilbake sykklar frå Idrettsbarnehagen, planke, evt skaffe pennar og 3 stk.lita notatbok(sjekke skap skulen først) Kjøpe bossposar Skaffe 6 plastbøtter Skaffe skudd og blinkar, spikar				
Namn:	Sponsing Skaffe premiar				Skaffe alle premiar gjerne lokalt (Coop, Best, Falkenstein, Frisør): Fenalår 0,5 ltr glas med drops, nonstop Småting: ballong, karamelle, kjærlighet mm Gåvekort Pengegåve Blomsterdekorasjon, Laila Personbråten I 2023 fordelte vi det slik at 1 ordna småpremiar, 1 ordna premiar til barn og 1 ordna premiar til vaksne til premieutdelinga. Menge premiar vaer avgjerande på kor mange vi girt premie inntil 1. 2. og 3. premie.
Namn:	Økonomi, Vekslepengar				Ta ut vekslepengar og fordele dei til dei aktuelle gruppene. Ta imot pengar etter aktivitetane er ferdige. Ta imot kvitteringar og setje pengar i banken.
Namn:	Informasjon ut til foreldre Hente ut utstyr på skulen Premieutdeling				Lage infoskriv og sende ut til foreldra Hente ut alt utstyr på skule og perm på biblioteket. Levere utstyr på skulen og perm til biblioteket. Skriv referat og set inn i leikperm. Evt legg dokument på minnepenn som føl permen.

Her er evaluering etter leikar 17.mai 2023:

- Perm med informasjon om leikar ligg på biblioteket og skal leverast tilbake der. All informasjon bør ligge på minnepenn slik det er lettare å redigere infoskriv. Minnepenn med alle infoskriv bør følgje leikepermen!!!
- Skriv evaluering årleg og legg i permen!!
- Viktig med kommunikasjon mellom dei som skaffar premiar slik at same bedrift ikkje vert spurt om sponing fleire gongar
- Ver tydelegare ut i infoskriv kva premiar ein skal skaffe. Sjå liste
- Klassekontoen dekkja gåvekort på Alti på 2500,- og elles det vi trengde av utstyr til leikane.
- Dei klassar som har ansvar for leikar, pynting og kafe har rett til å få fri frå komitear i andre grender, dette må informerast ut.
- Ver tidleg ute med å spørje om premiar, alt frå starten av april. Dei siste 14 dagane før 17.mai er mange butikkar alt spurde.
- Infoskriv var gitt ut som ranselpost midt i april. I tillegg informert på facebookgruppa til klassen.
- Har fått lånt luftgevær hjå Jakt og fiskelaget v/Roy Egil Nitter/Kenneth Stubhaug. Det har vore brukt mykje tid på å prøve å spore opp nemda sine to luftgevær som var kjøpt i 2008.
- Foreldra ynskjer kart over kvar leikar skal vere, dette er dessverre ikkje laga endå, så her må ein plassere etter kva ein synst passar best.
- Syklar lånt i Idrettsbarnehagen.
- Ynskjeleg at leikane er klar 13.30 slik dei som vil leike ikkje forsvinn etter toget om det ikkje er klart. Det var etterspurt leikar frå 13.15. Så lurt å vere klare tidleg til leikane.
- Vi har meldt inn ynskje til hovudkomiteen om å kjøpe inn utstyr til hestekokasting. Dei tek stilling til dette i forkant av neste 17.mai feiring. Kan spør 4H, frivillighetssentralen, Inge Byrkjeland, om å låne.
- Vi hadde loddsal. 10,-pr lodd
- Vekslepengar 4000,- (10, 20, 50, 100, 200). 100 og 200 lappar var lite brukt som vekslepengar, meir behov for mynt 10, 20 og 50 lapp.
- Foreldregruppa i 2023 vurderte vipps, men fleire var imot og då blei det ikkje brukt. Mange betalande spurde om vipps 17.mai. Anbefalar dette i 2024. Kan vere lurt å orientere banken om dette, Sparebanken SF sa det var lovleg å opprette privat vippskonto til slikt arrangement. Vekslepengane delte vi på og gav til kvarandre der det var behov, då alt skulle på same konto til slutt.
- Natursti gjekk ut grunna fråfall av foreldre til dugnaden.
- Spikarslag brukt ca 550 spikar 75 mm på alle. Det vart mykje kø på aktiviteten, bukkar vart for høge for barna, ha ein lågare benk å spikre på for barna. Ein planke til vaksen og ein planke til barn. Det må lagast bukkar for barnehøgde og kjøpast 2 nye plankar.
- Bra med mange gratis leikar!
- Leikar var sentrert i område bana, positivt!
- Loddsal: vi hadde 2 stasjonar med loddsal, ein ved ballbingen i kombinasjon med fenalår og dropsglas. Det andre ved utearealet i kafesona. Dette var vellukka og vi fekk gode tilbakemeldingar på det 😊
- Premiar på loddsal. Gåvekort frå Alti 2500,- slo an på kjøpargleda. Vi hadde mange gåvekort, populært. Kan redusere tal premiar, og ta ut dei minste gåvene. Tilbakemelding på at det tek for lang tid med utloddinga. Bør ha to ansvarlege på premieutdeling. Vi måtte rigge opp bort til
- Overgang leikar og premieutdeling er knapp i tid. Avslutt leikar som skal premierast (og loddsal) 15-20 minutt for premieutdelinga. Det blei ventetid på

premieutdeling grunna resultatata kom seint inn. Tipsar om at det er lurt å og ut liste der dei ansvarlege på aktiviteten skriv opp kven som fekk 1. og 2. plass i klassane dame15 +, herre15 +, jente-14 og gut-14. Listene BØR leverast inn 15 min før premieutdelinga.

- Mogeleg å låne bord frå elevkantina under leikane.
- Bør bruke mikrofon på premieutdelinga. Vanskeleg å snakke høgt nok slik heile salen høyrer det som vert sagt. Vi var spurt om å leie det åleine, det gjekk bra. Var spurt om å formidle og dele ut gåve til klassen som skapte best stemning i toget.
- Klassekontakt har hatt tett og god dialog med 17.mai komiteen.

UTSTYRSLISTE I SKAPET (3.etj. på vifterommet) PÅ SKULEN ETTER 17.MAI 2023

AKTIVITET	UTSTYR
Alle	10 skrivebøker 3 bossekk-rullar Smal og brei tape Ca 20 pennar 1 pk teknestift 1 pk brødposar 3 sakser 6 kjegler
Dart	2 dartsiver 2 elektriske dartsiver Piler til begge deler
Kaste ball på boks	Ca 15 småballar Ca 15 blikkboksar
Sekkeløp	Ca 5 jutesekkar (vart fort øydelagde)
Luftgeværskyting	6 pk x 500 4,5 kaliber skudd (nok til 1-2 år) 3 x ca 275 blinkar 2 stk skuddfangarar
Spikarslag	5 hamrar Spikar 2 bukkar til å legge bjelken på i vifterommet
Potetløp	2 matskeier
Loddsal	7 nye lodd bøker 7 ca halve lodd bøker (truleg nok til 1. år)
Premiar	Ca 10 refleksvestar vaksen Ca 10 handlenett 2 boksar småpremiar (ca 10 boksar skaffa, brukt ca 8)

Aktivitet	Kva	Vinnar
1 pl.luftgever herre 15+	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.luftgever dame 15 år+	Sjokoladekuler	

2.pl	Mobillomme	
1.pl.luftgever jente 5-10 kl	Gåvekort Best	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.luftgever gut 5-10.kl	Gåvekort Best	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.spikarslag herre 15 år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.spikarslag dame 15.år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.spikarslag jente	Gåvekort Best	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.spikarslag gut	Gåvekort Peppes	
2.pl	Mobillomme	
1.pl dart herre 15 år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.dart dame 15.år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.dart jente	Drikkeflaske peppes	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.dart gut	Drikkeflaske peppes	
2.pl.	Mobillomme	
1.pl hestesko herre 15 år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.hestesko dame 15.år +	Sjokoladekuler	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.hestesko jente	Frisbee	
2.pl	Mobillomme	
1.pl.hestesko gut	Frisbee	
2.pl.	Mobillomme	
Vekt fenalår	Fenalår	
Mengde drops	Glas med drops	

Gevinstar til lotteri 2023:

1. Gåvekort Alti 2500,- (kjøpt)
2. Gåvekort Elkjøp 700-1000 (sponsa)
3. Gåvekort elkjøp 700-1000 (sponsa)
4. Puls Førde gratis trening 1 mnd (sponsa)
5. Ullgensar herre Fjord Supply 445,- (sponsa)
6. Gåvekort kremmarhuset 250,- (sponsa)

- Gåvekort kremmarhuset 250,- (sponsa)
7. Gåvekort Peppes stor pizza (sponsa)
 8. Gåvekort Best 100,- (sponsa)
 9. Fiskestang Intersport (sponsa)
 10. Fiskestang Intersport (sponsa)
 11. Fiskestang Intersport (sponsa)
 12. Fiskestang Intersport (sponsa)
 13. Fiskestang Intersport (sponsa)
 14. Fiskestang Intersport (sponsa)
 15. Fiskehov Intersport (sponsa)
 16. Fiskehov Intersport (sponsa)
 17. Fiskehov Intersport (sponsa)
 18. Sjokoladekuler (sponsa)
 19. Sjokoladekuler (sponsa)
 20. Nikita shampoo og balsam (sponsa)
 21. Nikita shampoo og balsam (sponsa)
 22. Nikita shampoo og balsam (sponsa)
 23. Shorts frå Tools (sponsa)
 24. Arbeidshanskar frå Tools (sponsa)
 25. Badehanduk frå Tools (sponsa)
 26. Minnepenn Eninvest (sponsa)
 27. Minnepenn Eninvest (sponsa)
 28. Minnepenn Eninvest (sponsa)
 29. Lommebok og refleksvest Sparebanken SOF (sponsa)
 30. Lommebok og refleksvest Sparebanken SOF (sponsa)
 31. Svart handlenet Sparebanken SOF (sponsa)
 32. Svart handlenet Eninvest (sponsa)
 33. Svart handlenet Eninvest (sponsa)
 34. Svart handlenet Eninvest (sponsa)
 35. Svart handlenet Eninvest (sponsa)
 36. Blomsteroppsats Laila Personbråten (sponsa)
 37. Drikkeflase DNB x 9 (sponsa)
 38. Hårbøyel og klemme Glitter (sponsa)
 39. 2 Klemmer Glitter (sponsa)
 40. Hjardebakeform (sponsa)
 41. Armband med lego x 6 leikebutikk (sponsa)
 42. 2 kakao på pinne x 5 Kremmarhuset (sponsa)
 43. Hals Eninvest (sponsa)
 44. Hue frå sport 1 (sponsa)
 45. Regnponsjo Peppes (sponsa)

8.klasse - ansvar for maten;

Foreldre og elevar i 8. klasse har sal av kaker/rømmegraut med tilbehør, pølse m/ brød, kaffi, is og brus/saft.

Inntekta går til Tematur til Polen for klassen når dei går i 10. klasse.

I 2023 var det polenkomiteen som sette opp handleliste og stod for ansvar å kjøpe inn alt av mat og drikke og levere tilbake det som ikkje vart brukt.

Det har vore ein foreldre (frå polenkomiteen) som stilte sin vipps konto til disposisjon denne dagen, litt fordi det vart enklast.

Dersom det er kaldt og surt ver kan det vere ein ide også å dekke opp i hallen.

Dette vil sjølvstekt føre til ein del utfordring mtp oppbevaring og koking av kaffe, vert ein del arbeid med å hente/ påfylling frå skulekjøkkenet, så her avgjer sjølvstekt kvar enkelt årstrinn kva ein foretrekk. Av erfaring er det meir sal når det er betre plass og ein unngår lange køar.

Sette opp ei gruppe foreldre som møter 16. mai kl. xxxx for å setje opp bord / stoler, lage klart salsboder, gjere alt klart til 17. mai. **Blir kulturhuset (spesialromfløy) brukt må de hugse å avtale opning av dører med vaktmeister.**

Tips å setje ein ansvarleg saman med ei gruppe på kvar stasjon, same gruppa ryddar også opp på sin stasjon?

Avtale tidspunkt for å møtast på 17. mai: varme grauten, legge spekemat/flatbrød på fat, fylle i skål m sukker, kanel og rosiner, blande saft. Hugs plast til å legge over spekematen.

Kaker

Alle i klassen bidreg å lage kake, minimum 35 stk. Hugs også laktose- og glutenfrie kaker.

Tips å lage liste over kva type kake kvar enkelt lagar for å sikre variasjon, hugs kremkaker☺ denne kan sendast på klassen si FB side....og foreldre fyller inn den/dei kakene dei likar best å bake.

Avtale innlevering av kaker 17. mai i elevkantina kl xxxx evt 16. mai når det møtast å setje opp bord mm.

Hugs kakespade (obs merke fat og spade)

Kakene delast inn i passe store stykker (ikkje for små) i forkant.

Rømmegraut

Vart kjøpt all mat og drikke på Coop Extra i 2023, dette fordi det er enklaste mpt får levert inn det som ikkje blir brukt.

Rømmegraut/ Fjordland, kjøpt inn 30 liter , levert i posar (var nok graut), flatbrød, sukker, kanel og rosin samt spekemat.

Brus og saft, pølse med brød, ketsjup og is.

- Liste over foreldre / elevar med tidspunkt kva tid dei skal stå i kiosk/matsal, leggest ut på FB sida, få tilbakemelding frå alle at dei har mottatt meldinga.
- Ein stasjon for kaker og kaffi/saft/brus
- Ein stasjon for rømmegraut med tilbehør og saft
- Tips å ha eige bord til tilbehøret for å få fortgang i serveringa.

- Ein stasjon for brus, is og pølse med brød ute om varmt ver, ev på bana i speakerbua.
- Liste over foreldre og elevar for opprydding , evt dei gruppene som har ansvar for dei ulike stasjonane tek også oppryddinga på sine stasjonar.

Undervegs ;

Koke kaffi, rydde bord/boss, fylle på kakebordet med kaker.

Prisliste (2023)

Kakestykker kr 25,-

Brus kr 35,-

Pølse m brød kr 25,-

Saft kr 5,-

Kaffi/te kr 20,-

Rømmegraut m spekemat og flatbrød kr 110,-

Pinup/lollipop kr 15,-

Sandwich/båtis kr 20,-

Krone-is kr 25,-

(overskot i 2023 ca 30 tusen)

Vedlagt finn de kopi av innkjøpsliste frå Coop Extra til 17. mai 2023.

LUKKE TIL !!!